



Slakteriet fekk ein sentral plassering ved Sandakaaien. Bilete av huset då det var slaktehus er mangelvare. Dette er eit utsnitt av flyfoto.

Neste år er det 50 år sidan Uskedalen fekk slaktehus – det som seinare vart til Vertshuset og som denne sommaren har fått ein "nystart" i sterkt opprusta stand.

Ein heilt sentral mann i realiseringa av Kvinnherad Slakteri på Sanden var Sigvald Eik (92). Gardbrukaren på Kjærlandssido vart i 1956 valt til formann i Kvinnherad og omland slaktelag og tre år seinare var huset reist og slaktinga i gang. Peder Holmedal vart frå starten ansatt som ansvarleg slaktar og heldt fram med det til han døydde i 1965.



Sigvald Eik var sentral då Uskedalen fekk slaktehus.

Mjølkeprodusentane var eit lite hestehovud føre når det galdt å få i gang eit lokalt foredlingsanlegg. Allereie i 1957 starta Kvinnherad Ysteri på Seimsfoss. Uskedalen var med i kampen om den plasseringa, men tapte.
- No ville vi ha "revansj" og det var ei naturleg målsetting at slaktehuset skulle liggja meir sentralt enn ysteriet. "Omlandet" var kommunane som den gongen låg i begge ender av Kvinnherad, dei var Fjelberg, Skånevik og Varaldsøy, og vi måtte sikta mot å få inn slakt derifrå, seier Sigvald.

Før det lokale slakteriet kom opp, hadde bøndene levert dyra sine både til Vestlandske Salslag i Bergen, private slaktarar same staden og det private slakteriet til Guddal i Rosendal.

Sigvald reiste rundt til bøndene i distriktet som ein misjonær for den gode sak, og han hadde for det meste med seg Lars Haugland.

- Var det ein tung jobb, Sigvald?

- Nei, eg vil ikkje seia det. Vi fekk god oppslutnad om saka, men så hadde vi då også Vestlandske i ryggen heile vegen. Eg var på sett og vis "innafor" i organisasjonen fordi eg som varamann rykte inn i styret då Lars Leiro kom på Stortinget.. Vi hadde ikkje kapital lokalt, det var VS som finansierte prosjektet både med lån og tilskot. Og planen var naturleg nok at vi skulle levera alt kjøt til VS som vi ikkje fekk omsett lokalt. Det meste gjekk da også til Bergen. Men det vart ei lang liste med lokale kundar, til dømes sjukehuset i Valen, Olsen og Røsland på Sunde (dei som laga Sundepølsa red.anm.) og fleire på Stord.

- Men det var ein lokaliseringsdebatt også om dette prosjektet?

- Ja, det var strid om kor det skulle liggja. Alternativet var å overta slakteriet til Guddal og satsa i Rosendal. Det endte med at Vestlandske peika ut ei voldgiftsnemnd leia av Hans Kristian Eikeland. Nemnda gjekk inn for Uskedalen og slik vart det. Det var eit pluss at Olaf og Arne Myklebust kom med tilbod om fri grunn på Sanden. Byggmester Teigen frå Valen reiste huset, minnast Sigvald.

Kvinnherad Slakteri var ikkje noko stor bedrift. Bemanninga varierte gjennom året – den svinga mellom to og seks. Toppen vart nådd i samband med haustslaktinga. Sigvald Eik var ikkje berre styreformann, han var også styrar frå starten. Deretter vart Peder Holmedal henta frå Vestlandske som sjef. Tre andre jobba ved slaktehuset, i denne første tida var Gudmund Feet, Anders Haugland og Karluf Stoknes. Sigvald takka for seg etter ei tid.

- Eg tykte eg fekk for lite att for innsatsen, eg satt att med ein tusenlapp eller to i året. Difor sa eg opp og fekk jobb på Søral frå starten i 1965, opplyser Sigvald.

- Men korleis gjekk drifta i starten?

- Vi rodde det stort sett i land med eit lite overskot utan avskrivningar. God pris og stort overskot var ein nesten håplaus kombinasjon. Det var Vestlandske som bestemte kva vi skulle få for det meste av slaktet,

Sigvald vart avløyst av Trygve J. Haugland som styrar og satt i tre år. Det andre året klarte han å presentera eit lite overskot. Men så gjekk det tregare. Slakteriet vart overlete til Vestlandske utan vederlag fordi det ikkje var teke atterhald. Men dei fekk det ikkje til, det vart dundrande underskot. Anlegget vart seld til eit selskap der Torger H. Myklebust var styreformann, Den neste eigar var Einar Myklebust, som kjøpte huset for 65.000 kroner. Frå han gjekk det vidare til sonen Oddvar, som selde det til Røsland sommaren 2006.

- Kvifor vart "slakteri-eventyret" mislukka, Sigvald Eik?

- Vi var vel for små til å kunne få suksess. Styringa ovanfrå var ei anna forklåring. I tillegg kom sentraliseringsbylgja for fullt opp gjennom 1960-talet. Småanlegg vart kutta ut i tur og orden over heile landet, seier Sigvald Eik..

Av Ola Matti Mathisen